

# Årsmelding 2023

## Årsmøte 2024



### Styret

Styret i Hardanger golfklubb har ved utgangen av valperioden frå .02.2023-.02.2024 vore:

- Leiar Harald Buene
- Nestleiar Jostein Solberg
- Kasserar André Ellingsen
- Skrivar Richard Børven
- Styremedlem Anette Gåsø Stuve
- Styremedlem Jon Klyve
- Styremedlem Bjørg Døssland

Styret har hatt 12 møter og handsama 83 saker i 2023.

### Grupper/Underkomitear

Klubben har følgjande underkomitear:

#### Turneringsleiarar:

Klubbtureringar, her under serietureringar Lars Audun Torvik

Seniorturering      Sigbjørn Laupsa

Premieansvarleg:    Astrid Sundfjord

#### Valkomit :

Leiar                      Vidar Østerb 

Medlem                  Gerrit Remeijer

**Rekneskapsfører** Ført av André Ellingsen med bistand frå Vekstra Hardanger AS

**Kontrollkomite** Oddvar Vangdal, Rolf Brynjulf Bergesen  
Varamedlem Jakob Sandven

**Sponsorarbeid** Erling Neteland

**Golfbox administrator** Harald Buene

## Medlemmer og rekruttering

Pr 31. desember 2023 har me 201 medlemmer, det vil seie 9 fleire enn det vi hadde på denne tida i fjor. Det er ei vedvarande positiv framgang me har sett dei siste tre åra.

Kjønn	Kvinner					Menn				
Alderstrinn	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-
Aktive medlemmer	0	0	3	2	34	0	3	35	20	104

## Saker som styret har arbeida med i 2023

Gjennom året som har gått har styret hatt 12 styremøter og handsama 83 saker. Dei viktigaste sakene styret har diskutert gjennom sesongen har vore verksemdsplan og nye lover og vedtekter for klubben og dokumentering av baneanlegget for å forbereda oss til den nye slopinga av banen i 2024.

## Sloping av banen

I 2024-sesongen er det planlagd ny sloping av banen. Gjennom 2023-sesongen vart det testa ut nye utslag på hól 3 og hól 6 for å betra og fornya spelopplevinga på banen. I 2024 kjem det til å bli etablert eit gult utslag på hól 5. Tanken er å fortsetja med slikt arbeid framover for å tilføra nye og interessante element på banen. Nye utslag og endringar på baneområdene gjer det dermed nødvendig med ny sloping.

## 9-holsbane

Styret har diskutert moglegheita for å utvida golfbanen til 9hólsbane. For at det skal verta mogleg må klubben ha leigerrett på spel-arealet i minimum 30 år fram i tid for å utløysa tippemidlar. Det er dialog med grunneigarane for å ordna ein slik avtale. Per no er ingen avtale på plass.

## Golfbox og Gimmie-app

Golfklubben og medlemene har dei siste åra nytta Golfbox både som registrering av eige spel og resultat under turneringar i fleire år. Denne vert no erstatta av Gimmie-appen. Dermed vert booking av tee-time, registrering av scorekort, turneringar og publiseringar av nyhende gjort gjennom Gimmie-appen. Grunnen til byttet er at Gimmie tilbyr ein rekke funksjonar som ikkje Golfbox har. Appen har blant anna ein innebygd GPS-funksjon som gjer deg avstand inn til green frå kor som helst på banen. I tillegg har Gimmie-appen presise baneguidar til banar rundt i Skandinavia og Europa.

Funksjonar: Oppmåling av banen og produksjon av ny baneguide hol for hol.

- Utsending av informasjon til medlemene som «push-meldingar» og også ut på heimeside samtidig. (vert då berre ein plass å senda ut info til medlemene)
- Påminning om arrangement.
- Hjelp til å få lagt sponsorar inn i baneguiden.
- Oppdateringar av baneforhold.
- Innebygd baneguide
- Enkel print av kart for kvart hol og oversiktskart for heile banen.
- Kart til bruk for greenkepper der alt av elektrisk, vatningsanlegg, pumpehus etc. vert teikna inn og merka med GPS.
- Oppmåling av bane for gjødslingsplan etc...

## Lover og vedtekter

Dei førre lovene og vedtektene til Hardanger golfklubb var oppdaterte i 2004. Dermed har styret innført oppdaterte lover og vedtekter som er vert gjeldande frå 2024 dersom det vert vedteke av fleirtalet under årsmøtet.

## Verksemdsplan

Ein verksemdsplan har blitt utarbeidd basert på norsk golf forbund sin mal for verksemdsplanar. Den har blitt laga for å gjera det klart kva som er klubben sine kortsiktige og langsiktige mål, kva verdiar klubben vektlegg og korleis me skal få klubben til å veksa i lokalsamfunnet ved å dra inn unge og vaksne golfspelarar. Planen er også særleg nyttig når det skal søkjast om økonomiske midlar eller i møte med sponsorar. Verksemdsplanen er gjeldande frå 2024-2028 dersom den vert vedteke under årsmøtet.

## Konkurransar

3.mai slo me i gang den første *Serieturneringa*, og *Seniorturneringa* 8. mai. Førstnemnde turnering vart avslutta 30. august. Totalt har me arrangert 9 serieturneringar. Dessverre er det stadig færre deltakarar på serieturneringane, så det må me gjera noko med. Seniorturneringane vart avslutta den 7. august. I tillegg har me arrangert *Pokalkamp mot Bjørnefjorden*, *Flaggtturnering*, *Grillturnering*, *Klubbmeisterskap* og *Siste sjanse*.

## Resultat

Klubbmeistrar 2023

Damer: Astrid Karin Sundfjord

Herrar: Jon Klyve

Meistrar i serieturning 2023

Damer: Astrid Karin Sundfjord

Herrer: Jostein Solberg


Alle dei andre resultatata finn de i Golfbox og på heimesida vår.

## PR og Informasjon

### Heimeside

Den profesjonelle heimesida vår som [Glynt](#) har laga og som vi driftar sjølv, har blitt populær blant både medlemmer og folk utanbygdes frå. Vi ynskjer framleis at så mange medlemmer som mogeleg melder seg på nyhendebrief via linken nedst på heimesida.

## Organisasjonsplan for Hardanger golfklubb:



## Årsmelding frå banekomitéen 2023

Sesongen starta med ein del utfordringar etter vinteren som:

- Frostskade på tilbakeslagsventil for vatn og vassmålar pga. Jordfeil på straumkabel til pumpehus slik at varmeomn i huset ikkje fungerte. Dette førte til at me måtte grava ned ny kabel og erstatta dei delane som fraus sund. Dette vart heldigvis dekkja av forsikringa vår.
- Frostskadar på fleire greenar etter vinteren, spesielt på nr 1 og 3. Alle greenar vart holpipa, dressa og resådde i starten av juni. Etterkvart vart dei nokså bra. I haust har me holpipa dei på nytt på slutten av sesongen, og håper dette skal hjelpa oss å få greenane tidlegare i gang i 2024

Første delen av sesongen var tørr og fin, mens avslutninga vart som alle veit svært våt.

Hovudutfordringa som me må få løyst i år er å få på plass ei pumpe som hever vasstrykket til vatninga av greenane. Trykket vart redusert fra 8.9 bar til 4-5 bar etter at Kvam herad monterte trykk-reduksjonventil på hovudvassleidninga for å skåna det kommunale røyrsystemet. Dette førte til at me ikkje har nok vasstrykk til å få vatn opp til green på hol 2. Dette har me klaga på til heradet, men dei er ikkje interesserte i å gjera noko med det. Beskjeden me får er at dei leverer det trykket til golfklubben som dei har krav om å levera. Me gjorde eit forsøk med ei pumpe i 2023, men dette var feil type pumpe og fungerte ikkje. Jon Klyve diskuterer no med Nils Aksnes & Co AS for å finna ei løysing på dette. Me starta i 2023 å registrera dugnadstimer i Golfbox for å prøva å ha ein viss oversikt over kor mange timer med dugnad det vert utført for klubben. Det er registrert over 220 timar med banearbeid, men det er heilt sikkert mange timar som ikkje er registrerte. Grunnen til at me gjer det er at me ynskjer å ha ei viss oversikt over dugnadstimar som vert brukt i klubben. Dette er viktig å ha med når ein søker om økonomisk støtte til ulike prosjekt.

Noko av arbeidet som er utført i 2023:

- Vårugnad og klargjering av banen i slutten av april.
- Rydding av skog mellom driving-range og fairway hol 1.
- Legging av ny straumkabel frå garasje og opp til pumpehus.
- Vedlikehald på utslagsramper på drivingrange og tee-boksar.
- Bygd 2 nye utslagsramper (hol 3 og 4)
- Fjerna bunker framfor green 2-
- Holpiping/lufting av greener er utført 2 gonger og dressing med sand ein gong.
- Ballplukking og grasslått på driving-range. (Dugnad og litt leige frå LT-Hordaland)
- Klipping av rough og tilsyn av banen (tømming av bos og sjå at alt er OK)
- Diverse klipping av gras rundt tee-bokser, vegar +++
- Vedlikehold/ettersyn og reparasjoner av maskinparken.

- Fjerna gamalt gjerde og sett opp nytt gjerde mellom fairway hol 1 og nabo T.K. Børve.

(Fjerning er utført på dugnad. Montering av nytt utført av LT-Hordaland mot at dei får ha på det. Me har kun betalt for stolper og gjerde)

Me valde i denne sesongen å dela arbeidet med ballplukking og klipping av gras på driving-range på litt færre personar og i tillegg leigde me inn Are Fagervik via LT-Hordaland. Are har også hatt tilsynet med robotklipparane gjennom sesongen. Klipping av greener har LT-Hordaland v/Arunas hatt ansvar for. Maskinparken har fungert bra, og det har vore lite reparasjonar. Robotklipper på hol 5 har dessverre vorte øydelagt pga. for mykje vatn på banen.

Mange har gjort mykje dugnad for klubben for å halda banen fin. Eg vil ikkje nevna navn, for då er det lett å gløyma nokon. Men eg vil spesielt takka Ole Johnny Gule for hans innsats med vedlikehald på maskiner og ikkje minst alle timane han har brukt på grasklipping med den fjernstyrte klipparen sin.

### Anlegg og utstyr.

Det har ikkje vore investert i nye maskiner eller utstyr denne sesongen, så maskinparken er den same som sesongen 2022. Me fekk støtte på kr. 50 000.- frå Sparebanken Vest til innkjøpet av Hisun

Elektrisk ATV. Til denne bilen har med no kjøpt inn nye dekk slik at den lager mindre merker på banen. Rough-klipper, Fairway-klipper og Green-klipper er kjørt ned til Gule's for service. Ting som må gjerast i løpet av 2024:

- Levera kniver på Fairway - og Green-klipper til sliping hos HAKO på Os.
- Fjerna diverse tre rundt om på banen(her vert det dugnad)
- Laga nytt gult utslag for hol 5.
- Ha ein gjennomgang på kva som skal vera rough og fairway på bana.
- Vårdugnad
- Mogeleg endring av spelerekkefølga på hola.
- Sloping av banen
- Investera i 2 stk nye robotklippere.
- Montere opp mast med link for styring av dei nye klipparane.
- Nytt sikkerheitsnett langs driving-range.
- Få på plass vasspumpe for vatning av greener.
- Dressing av greener.
- Laga ny gangveg mellom øvre og nedre platå for fairway 1.
- Få sådd i bunker framfor green 2

Ting som me har lyst å få til i løpet av 2024:

- Laga green 1 litt mindre og kanskje laga ein bunker i bakkant mot vegen.
  - Bygga opp og heva green 2 i bakkant
  - Grøfta fairway på hol 1 opp mot green
  - Drenera svært vått område v/dog-leg på hol 5
  - Vurdera å gjera noko med dei våte områda på driving-range.
  - Setja opp det gamle sikkerheitsnettet i enden av driving-range.
- Banekomitéen takker alle som har bidrege i løpet av sesongen. Håper samtidig at endå fleire kan stilla på dugnader i komande sesong.

For HGK banekomite:

Jostein Solberg

## Sponsorane våre

**Generalsponsor**, Sparebanken Vest.

**Hovudsponsorar**, ØMV Bilsenter, Botnen Entreprenør AS, Gules landbruksverkstad og Kleppe Møbel

**Holsponsor A**, GBS A/S, NLT Hordaland, Kvammabygg og Eigedomsmeklar vest.

**Holsponsor B**, Monter Kvam, Mo Sport, Norheimsund Elektro, Fargerike Norheimsund Fargehandel AS, Blikkenslager Flotve, FK Kvam Fruktlager, Toyota Norheimsund, Nils Aksnes & Co AS, Lid Jarnindustri, Hardanger maskinstasjon AS

**Spesialavtale**: Kvam kraftverk

**Generalsponsor Sparebanken Vest** Kontrakt er lagra i [www.styreweb.com](http://www.styreweb.com) .

## Inntekter

### Resultat

KONTO	INNGÅENDE BALANSE	BEVEGELSE	UTGÅENDE BALANSE	BUDSJETT
<b>Inntekter</b>				
Salgsinntekter				
3122 Utbytte	2 013,00	0,00	2 013,00	0,00
Tilskudd				
3400 Offentlig tilskudd	198 473,00	0,00	198 473,00	0,00
3443 Sponsor SPV	144 456,00	0,00	144 456,00	0,00
3444 Sponsorinntekt	100 000,00	0,00	100 000,00	0,00
<i>Sum Tilskudd</i>	<i>442 929,00</i>	<i>0,00</i>	<i>442 929,00</i>	<i>0,00</i>
Andre inntekter				
3920 Medlemskontingenter	188 500,00	0,00	188 500,00	0,00

<https://hardangergolfklubb.portal.styreweb.com/secure/Accounting/Journal2.aspx?JournalPeriodPk=14983053&JournalProjectPk=0>

1/3

15/02/2024, 17:21

Saldo balanse - Hardanger golfklubb

KONTO	INNGÅENDE BALANSE	BEVEGELSE	UTGÅENDE BALANSE	BUDSJETT
3921 Greenfee	78 583,79	0,00	78 583,79	0,00
3922 Turneringer	30 112,32	0,00	30 112,32	0,00
3923 VTG kurs	30 300,00	0,00	30 300,00	0,00
3930 Årskort	131 665,00	0,00	131 665,00	0,00
3945 Ballmaskin	133 392,00	0,00	133 392,00	0,00
3961 Norsk Tipping	18 269,65	0,00	18 269,65	0,00
3990 Andre inntekter	3 193,12	0,00	3 193,12	0,00
3991 Refusjon forsikring	88 562,50	0,00	88 562,50	0,00
<i>Sum Andre inntekter</i>	<i>702 578,38</i>	<i>0,00</i>	<i>702 578,38</i>	<i>0,00</i>
Finansinntekter/Kostnader				
8040 Renteinntekt	6 421,00	0,00	6 421,00	0,00
<b>Sum Inntekter</b>	<b>1 153 941,38</b>	<b>0,00</b>	<b>1 153 941,38</b>	<b>0,00</b>



## Utgifter

<b>Kostnader</b>				
Varekostnad				
4230 Rekvizita/kontorutstyr	1 801,00	0,00	1 801,00	0,00
Annen driftskostnad				
6301 Arealleige	159 016,75	0,00	159 016,75	0,00
6310 Vedlikehold Gress/bunkere/Lunden	87 124,50	0,00	87 124,50	0,00
6321 Vaktmestertjenester	136 085,33	0,00	136 085,33	0,00
6340 Lys og varme	10 188,38	0,00	10 188,38	0,00
6360 Renhold	132,00	0,00	132,00	0,00
6430 Lisens programvare	12 718,50	0,00	12 718,50	0,00
6431 Lisens NGF	57 196,00	0,00	57 196,00	0,00
6432 Lisens NGA	2 750,00	0,00	2 750,00	0,00
6580 Idrettsutstyr	52 302,50	0,00	52 302,50	0,00
6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr	66 650,70	0,00	66 650,70	0,00
6630 Vedlikehold/repasasjon bane	193 717,50	0,00	193 717,50	0,00
6700 Revisjonshonorar	13 552,00	0,00	13 552,00	0,00
6730 Avgift VTG Harald Buene	2 200,00	0,00	2 200,00	0,00
6800 Kontorrekvisita	6 023,50	0,00	6 023,50	0,00
6805 Kursmateriell	4 228,75	0,00	4 228,75	0,00
6810 Kopiering/trykking	5 730,50	0,00	5 730,50	0,00
6860 Møter, kurs, oppdatering o.l.	6 135,10	0,00	6 135,10	0,00
6870 Hjemmeside Glynt	9 291,25	0,00	9 291,25	0,00
6890 Annen kontorkostnad	1 376,00	0,00	1 376,00	0,00
6900 Telefon og telefax	2 388,00	0,00	2 388,00	0,00
6940 Porto	81,00	0,00	81,00	0,00
7000 Drivstoff	6 776,00	0,00	6 776,00	0,00
7320 Reklame/annonser	3 094,00	0,00	3 094,00	0,00
7420 Gaver/premier	6 317,00	0,00	6 317,00	0,00
7500 Forsikring	39 273,00	0,00	39 273,00	0,00
7610 Styre og årsmøtekostnader	6 400,00	0,00	6 400,00	0,00
7779 Gebyr betalingsformidling	345,00	0,00	345,00	0,00
7790 Andre kostnader	1 387,00	0,00	1 387,00	0,00
7810 Ordinær avskrivning	40 914,00	0,00	40 914,00	0,00

<https://hardangergolfklubb.portal.styreweb.com/secure/Accounting/Journal2.aspx?JournalPeriodPk=14983053&JournalProjectPk=0>

5/02/2024, 17:21

Saldo balanse - Hardanger golfklubb

KONTO	INNGÅENDE BALANSE	BEVEGELSE	UTGÅENDE BALANSE	BUDSJETT
7830 Tap på fordringer	9 375,00	0,00	9 375,00	0,00
Sum Annen driftskostnad	942 769,26	0,00	942 769,26	0,00
<b>Sum Kostnader</b>	<b>944 570,26</b>	<b>0,00</b>	<b>944 570,26</b>	<b>0,00</b>
<b>Årets overskudd</b>			<b>209 371,12</b>	<b>0,00</b>

## Balanse

KONTO	INNGÅENDE BALANSE	BEVEGELSE	UTGÅENDE BALANSE	HITTIL I ÅR
<b>Eiendeler</b>				
Anleggsmidler				
1200 Maskin og anlegg	62 917,26	0,00	62 917,26	-15 729,00
1201 John Deere FW klipper	35 220,00	0,00	35 220,00	-8 805,00
1202 HiSun el. bil	65 520,00	0,00	65 520,00	-16 380,00
<i>Sum Anleggsmidler</i>	<i>163 657,26</i>	<i>0,00</i>	<i>163 657,26</i>	<i>-40 914,00</i>
Fordringer				
1510 Kundefordringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Bankinnskudd/Kontanter				
1920 Særvilkår flat rente	330 797,83	0,00	330 797,83	145 325,18
1921 Drift	0,00	0,00	0,00	-89 365,27
1922 Bank skattetrekk	9 421,00	0,00	9 421,00	0,00
1923 Drift	100 864,85	0,00	100 864,85	15 614,56
1924 Drift	294 557,93	0,00	294 557,93	203 710,65
<i>Sum Bankinnskudd/Kontanter</i>	<i>735 641,61</i>	<i>0,00</i>	<i>735 641,61</i>	<i>275 285,12</i>
<b>Sum Eiendeler</b>	<b>899 298,87</b>	<b>0,00</b>	<b>899 298,87</b>	<b>234 371,12</b>
<b>Gjeld</b>				
Kortsiktig gjeld				
2700 Utgående mva	25 000,00	0,00	25 000,00	25 000,00
<b>Sum Gjeld</b>	<b>25 000,00</b>	<b>0,00</b>	<b>25 000,00</b>	<b>25 000,00</b>
<b>Kapital</b>				
Opptjent egenkapital				
2050 Annen egenkapital	664 927,75	0,00	664 927,75	0,00
<b>Sum Kapital</b>	<b>664 927,75</b>	<b>0,00</b>	<b>664 927,75</b>	<b>0,00</b>
<b>Årets overskudd</b>			<b>209 371,12</b>	

## Medlemskontingent + forslag om ny pris

Kategori medlem	Forslag frå styre ny pris 2024	Pris per 2023
Vaksen: 20 år og over	<b>1500kr</b>	<b>1.400,-</b>
Ektefelle/sambuar	<b>1.000,-</b>	<b>1.000,-</b>
Student	<b>1.000,-</b>	<b>1.000,-</b>
Born og ungdom under 20 år	<b>300,-</b>	<b>300,-</b>

### Greenfee:

HGK Medlem:

Vaksen: laurdag/ søndag: kr. 200,- kvardagar kr.200,-

Ungdom under 20 år: laurdag/søndag: kr. 200,- kvardagar kr. 200,-

Gjestespelar vaksen (20 år og over) alle dagar Kr. 200,-

Gjestespelar ungdom (under 20 år) alle dagar Kr 200,-

Partsbrev (Partseigarar) Kr 15.000 gjev fri spelerett i 5 år.

Serviceavgift: For partseigarar med partar (lutar) til lågare pris enn kr 15.000 og for partar til kr. 15.000 som har hatt 5 avgiftsfrie år: Kr. 1000,-.

### Årskort (fri spelerett i 2024):

Vaksen frå 20 år og over: kr. 2.000,-

Studentar: kr. 900,-.

Born/ungdom under 20 år: kr. 300,-.

Budsjett. NB (stemming over ny medlemskontingent før nytt budsjett vert vedteke)

Budsjett Hardanger Golfklubb 2024				
			Resultat 2023	Budsjett 2024
<b>INNETEKTER</b>				
3122 Utbytte			2013	2000
3400 Offentlig tilskudd			198473	180000
3443 Sponsor SPV			144456	100000
3444 Sponsorinntekt			100000	100000
3920 Medlemskontingent			188500	200000
3921 Greenfee			78583	80000
3922 Turneringer			30112	35000
3923 VTG kurs			30300	30000
3930 Årskort			131665	130000
3945 Ballmaskin			133392	130000
3961 Norsk Tipping			18269	20000
3990 Andre inntekter			3193	0
3991 Refusjon forsikring			88562	0
8040 Renteinntekt			6421	6500
				1013500
		SUM	1153939	1013500
<b>UTGIFTER</b>				
4230 Rekvisita/kontorutstyr			1801	2000
6301 Arealleige			159016	170000
6310 Vedlikehold Gress/bunkere/Lunden			87124	90000
6321 Vaktmestertjenester NLT			136085	140000
6340 Strøm			10188	10000

6360 Renhold		132	500
6430 Lisensprogramvare		12718	13000
6431 Lisens NGF		57196	60000
6432 Lisens NGA		2750	3000
6540 Maskinkjøp/robotklipper		0	130000
6580 Idrettsutstyr		52302	20000
6620 Reperasjon/vedlikehold utstyr		66650	70000
6630 Vedlikehold bane/nett		193717	150000
6700 Revisjonshonorar		13552	10000
6730 Avgift VTG HB		2200	2000
6800 Kontorrekvisita		6023	6500
6805 Kursmateriell		4228	5000
6810 Kopiering trykking		5730	6000
6860 Møte/kurs/oppdatering		6135	6000
6870 Hjemmeside Glynt		9291	10000
6890 Annenkontorkostnad		1376	1000
6900 Telefon/internett		2388	2500
6940 Porto		81	0
7000 Drivstoff		6776	8000
7320 Reklame/annonser		3094	0
7420 Gaver Premier		6317	10000
7500 Forsikring		39273	45000
7610 Styre og årsmøtekostnader		6400	6500
7779 Gebyr betalingsformidling		345	350
7790 Andre kostnader		1387	2000
7830 Tap på fordring		9375	0
		903650	979350
	SUM	903650	979350
	OVERSKUDD 2024		34150